

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 29.5.2020

Stad: Nesbyen, kommunehuset, kommunestyresal

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
Petter Owesen, Hemsedal kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Herbrand Jegleim, Gol kommune
Tore Haraldset, Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Tonje Brenna, fylkesrådsleiar
Iselin Haugo, fylkeskontakt
Magnus Weggesrud, fylkeskontakt
Kjersti Bærug Hulbak, regionkontakt

Desse møtte frå kommunedirektørutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune
Henrik Skovly, Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune

Observatør

Trond Rønningen, assisterende fylkesmann, fylkesmannen i Oslo og Viken

SAK 23/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 24.4.2020

Vedtak

Protokollen 24.4.2020 er godkjent.

SAK 24/20 UTTALE NOU 2019:17 DOMSTOLSTRUKTUR OG FORSLAG OM ENDRING I RETTSKRETSANE OG DOMSTOLLOVA

Uttale

Regionrådet for Hallingdal har i dei siste sju åra vore sterkt engasjert i å sikre framleis tingrett og jordskifterett i Hallingdal. Saman med kommunane i Hallingdal, Domstolsadministrasjonen, departement og Storting har det vore arbeid for å finne gode løysingar som er bærekraftige og som tek distriktsmessige omsyn. Det blir no etablert eit felles retssenter på Nesbyen med samlokalisering av tingrett og jordskifterett i nye lokaler, som Nesbyen kommune byggjer. Opning er planlagt august/september 2020.

Dette er eit glimrande eksempel på samarbeid innad i Hallingdal, mellom tingrett og jordskifterett og forståing frå sentrale styresmakter.

Regionrådet for Hallingdal vil sterkt rå til at Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett må oppretthaldast og at det blir vurdert vidare om nedslagsfeltet og ansvar kan utvidast. Ei samlokalisering av tingrett og jordskifterett bør vera eit føredøme for fleire regionar i Norge. Det sikrar kvalitet, solid fagmiljø og nærleik for bukarar. Ei slik samlokalisering bør kunne vera eit like godt alternativ som å slå saman ulike tingretter eller ulike jordskifteretter.

Regionrådet for Hallingdal støttar departementet sitt syn i at det er av stor verdi for distrikta, å sikre arbeidsplassar med behov for høgare utdanning. Etter Regionrådet sitt syn er dette eit undervurdert tema i all statleg lokaliseringspolitikk, der kvart direktorat, etat eller administrasjon i stor grad har levd sine egne liv, men der summen av statleg «effektivisering» og sentralisering kan bli dramatisk.

Regionrådet for Hallingdal støttar sorenskriver Stein Arne Vedde ved Hallingdal tingrett Nesbyen, sin konklusjon i eigen uttale:

«Veien til produktivitet går ikke gjennom store domstolenheter alene. En desentralisert domstolstruktur gjør domstolenes samfunnskritiske virksomhet mindre sårbar. Smitteverntiltakene under Corona-krisen er med på å bekrefte det. En tilnærmet opprettholdelse av dagens domstolstruktur ut over forslagene fra Domstolkommisjonen og Justisdepartementet, vil gi spart reisetid og kostnader både for dommere og advokater/sakkyndige og for brukerne av domstolene. Samtidig blir behovet for investeringer i nye store tinghus mindre.

Ved valg av løsning på domstolstrukturen må det overordnede målet være å få til en effektiv utnyttelse av dommer- og saksbehandlerressursene og samtidig unngå at det stadig skapes usikkerhet om arbeidsplassene slik medarbeidere i domstolene har opplevd i alt for lang tid.

Spørsmålene om hvilken domstolstruktur vi skal ha er et viktig samfunnsmessig anliggende som ikke ligger til rette for å finne sin avgjørelse andre steder enn i Stortinget.

Forslaget om å legge kompetansen til Kongen ved endring av domstolloven § 25 første ledd eller § 22 støttes ikke.

Forslaget om minimumsbemanning av de rettssteder som Departementet foreslår er etter mitt skjønn lite i samsvar med effektiv utnytting av dommer- og saksbehandlerressursene. Best fleksibilitet oppnås ved en kombinasjon av justerte rettskretser sammen med bruk av de muligheter domstolloven gir og kan gis ved lovendringer om bruken av dommerressursene.»

Regionrådet for Hallingdal støttar Øvre Buskerud jordskifterett sitt høringssvar dat. 27.5.2020, vedlagt.

SAK 25/20 FORLIKSRÅD HALLINGDAL

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal vil rå Hallingtinget til å gjera vedtak om at kommunane i Hallingdal gjer slikt vedtak:

- a. Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunen Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå. Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd.
- b. Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2021
- c. Forliksrådet skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Representasjon frå kommunane skal endrast for kvar periode. Fyrste periode har Hol, Gol og Flå leddommarar og Ål, Hemsedal og Nesbyen har varamedlemmer.

- d. Leiarvervet skal rullere for kvar valperiode i rekkefølge; Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Flå, Nesbyen.
- e. Møtelokale til Hallingdal forliksråd blir lagt til Gol og betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag.

SAK 26/20 STATUS NTP – VIDARE FRAMDRIFT

Dagleg leiar gjekk gjennom status for arbeidet med Nasjonal Transportplan 2022 – 2033, med vekt på regionrådet sitt forslag til endring av uttale, som er til handsaming i Viken fylkeskommune. I tillegg vart det orientert om status Vegpakke Hallingdal.

SAK 27/20 SATS PÅ HALLINGDAL (REGIONAL OMSTILLING)

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å gjera slikt vedtak:

1. Hallingtinget vurderer «Sats på Hallingdal» som eit svært relevant program for Hallingdal som region.
2. Med bakgrunn i drøfting i Hallingtinget ber Hallingtinget Regionrådet for Hallingdal i nær dialog med Viken fylkeskommune arbeide vidare med søknad.

SAK 28/20 REKNESKAP 2019

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2019 med revisoruttale, dat. 25.5.2020, og at overskot på kr. 72.182,20 blir overført til disposisjonsfondet.
2. Utgifter i samband med tilsetjing av ny dagleg leiar på kr. 109.468,27 blir teke frå disposisjonsfondet.

SAK 29/20 ÅRSMELDING 2019

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2019.

SAK 30/20 HALLINGTINGET 19.5.2020, PLAN FOR DAGEN

Hallingtinget blir gjennomført som fysisk møte på Torpomoen 19.juni. Hovudpunkt vil vera rekneskap og årsmelding 2019 og start av arbeidet med Strategisk plan for Hallingdal 2021 – 2024.

SAK 31/20 BUDSJETTPROSESS FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å gjera slikt vedtak:

Hallingtinget støttar kommunedirektørutvalet sitt forslag til budsjettprosess for interkommunale samarbeid i Hallingdal.

SAK 32/20 SPONSORMIDLAR

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal går i dialog med Hallingdal kraftnett med intensjon om å etablere ei felles tilskots/sponsorordning for idretts- og kulturaktivitetar i Hallingdal, der Regionrådet for Hallingdal administrerer løysinga og der Hallingdal Kraftnett løyver eit årleg tilskot til løysinga.
2. I nært samarbeid med Hallingdal Kraftnett skal det utarbeidast retningslinjer for ordninga.
3. Det er ei målsetting at ordninga kan gjelde frå 2021.
4. Av attståande midlar på kr. 200.000 for 2020 i avtale med Hallingdal kraftnett, blir kr. 50.000 nytta til Hallingdal Juniorspelemannslag.

SAK 33/20 DISTRIKTMUSIKAR-STILLING, ORIENTERING**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil vera med å ta ansvar for å opprette eit tilbod om undervisning i folkesong, -spel og -dans for unge i Hallingdal, i regi av kulturskulen, men og gjennom Den kulturelle skulesekken i skule og barnehage. På den måten blir tilbodet breitt nok til å sikre at vår lokale folkedans og -musikk blir kjent for nye generasjonar. Kommunane i Hallingdal vil gå inn i eit samarbeid med fylke og andre relevante samarbeidspartnarar og støttespelarar, for å legge til rette for føreseielege og langsiktige løysingar.

SAK 34/20 OPEN POST**Partnerskapsavtale med Viken fylkeskommune**

Det er bestemt at det skal etablerast partnerskapsavtale mellom dei ulike kommuneregionane i Viken og Viken fylkeskommune. Mal vil i stor grad vera etter mal som tidlegare var mellom Buskerud fylkeskommune og dei einskilde regionane i fylke. Partnerskapsavtala vil ha ein generell del som er tenkt å vera lik for alle kommuneregionane, og så vil det vera ein meir konkret del som vil vera avtale mellom fylkeskommunen og den enkelte kommuneregion. Det blir no arbeidd med utkast til partnerskapsavtale generell del.

I samband med lunsj var det omvising på Embetsgarden

Ål 31.5.2020

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar